

## Kontrollutvalet

### SAK 24/15 PROSJEKTPLAN FORVALTNINGSREVISJON –  KONOMISK RAPPORTERING HER Y KOMMUNE

#### Vedlegg

- Prosjektplan – Utarbeidd av S re Sunnm re kommunerevisjon IKS, datert 08.06.2015.

#### Saksopplysningar

Det vart i interpellasjon i kommunestyret stilt ei rekke sp rsm l om barnevernet. Ut fr  debatten i kommunestyret s g det ut som om det var lita interesse for at det skulle gjennomf rst eit prosjekt p  barnevern no.

Representanten i kommunestyret som stilte sp rsm la om/ til barnevern vende seg d  til kontrollutvalet om det var mulig at dei no gjennomf rer eit forvaltningsprosjekt p  barnevern.

Ut fr  signala som kommunestyret gav, gjorde kontrollutvalet i m te den 11.05.15 sak 17 slikt

#### Samr ystes vedtak:

1. Kontrollutvalet ber kommunestyret i mai m tet 2015 klargjere om dei ynskjer at kontrollutvalet skal utf re eit forvaltningsprosjekt p  barnevernsomr de, d  innan eit avgrensa omr de.
2. Kontrollutvalet ber revisjonen utarbeide prosjektplan for eit forvaltningsprosjekt innan barnevernet som kan gjennomf rast. Prosjektplanen skal fylgje «saka» til kommunestyret.  
Leiar og nestleiar i kontrollutvalet f r fullmakt til   godkjenne prosjektplanen.
3. Kontrollutvalet vil ta endeleg standpunkt til   utf re prosjektet n r svar fr  kommunestyret ligg f re.
4. Kontrollutvalet vil gjere merksam p  at det er Fylkesmannen som er klageinstans i barnevernsaker.»

Kommunestyret tok opp saka/sp rsm let i m te 28.05.15 sak 67 slikt vedtak:

«Kommunestyret stadefester at ein held seg til tidlegare vedteken forvaltningsplan.»

Vedtaket i kommunestyret vart vedteke mot 3 r yster. Desse r ysta for eit forslag om at kontrollutvalet f r i oppdrag   f reta revisjonskontroll av Her y barnevern.

Tidlegar forvaltningsplan eller plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 2016 som kommunestyret har vedteke lyder slik:

- Forvaltning, drift og vedlikehald av Fast eigedom
- Grunnskule – tilpassa oppl ring og spesialundervisning
-  konomistyring, leing og styring (rekneskap, budsjett/budsjettoppf lging og rapportering)
- Personal- og l nspolitikk

- Pleie og omsorgsområdet og bu- og rehabiliteringsavdelinga. (Re-habilitering, institusjonsplassar og heimetenesta. Overtidsbruk, heile stillingar i høve til deltidsstillingar (stillingsprosentar)
- Samhandlingsreforma

Prosjektet Forvaltning drift og vedlikehald av bygg vart behandla i kontrollutvalet og kommunestyret i februar 2014. Prosjektet Spesialundervisning i grunnskulen var behandla i kontrollutvalet og kommunestyret våren 2015.

Om ein skal gå etter rekkefølga i planen så er neste prosjekt innan økonomistyring, leiing og styring (rekneskap, budsjett/budsjettoppfølgning og rapportering). Debatten i kommunestyret, som underteikna følgde, gikk på at det var dette prosjektet som var ønska no.

Ut frå dette har vart revisjonen beden om å utarbeide prosjekt plan for eit slik prosjekt, eg viser til vedlegget til saka.

Prosjektplanen vert gjennomgått av revisjonen i møtet, der ein då må kome med evt. korrigeringar og/eller tillegg.

Når det gjeld barnevern kan dette vere eit aktuelt prosjekt i neste planperiode for forvaltningsrevisjon. Først må det utarbeidast overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon.

#### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet ber revisjonen utføre forvaltningsrevisjonsprosjektet Økonomisk rapportering Herøy kommune i samsvar med utarbeida prosjektplan datert 08.06.2015.

Jostein Støylen  
Dagleg leiar

<b>Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS</b>	Ar: 2015	Arkiv:
Oppdrag: <b>Kontrollutvalet i Herøy kommune</b>	Utarbeidet dato/sign.: 08.06.15 AMG	Gjennomgått dato/sign.:
<b>PROSJEKTPLAN – Økonomisk rapportering Herøy kommune</b>		

**Innleiing:**

Kommunestyret i Herøy gjorde 28.05.14 vedtak om å få utført eit forvaltningsprosjekt. Prosjektet skulle ta for seg den økonomiske rapporteringa.

**Målsetting:**

Målsettinga med prosjektet er å undersøke om kommunen har tilfredstillande økonomisk rapportering og kvaliteten på denne. Og evt vurdere budsjettstyringa/budsjettkontrollen ved å undersøke avvika mellom budsjett og rekneskap.

Ein har utarbeida følgjande problemstillingar med underpunkt:

**Problemstilling 1:**

*Er rapporteringa i Herøy kommune tilfredstillande?*

- Rapporterar administrasjonen til kommunestyret etter kommunelova og evt. retningslinjer/reglement i kommunen?
- Er kvaliteten på rapporteringa vurdert som tilfredstillande?

Utgangspunktet vil verte gjennomgang av rekneskapsrapportar og årsrekneskap – vurdering av rapporteringa mht kvalitet og eventuelle opplysningar som bør kome politisk leiing til vitande. Om rapportert prognose er rimleg i samsvar med årsresultat.

**Problemstilling 2:**

*Er budsjettstyringa/budsjettkontrollen tilfredstillande?*

- Rekneskap – budsjettvedtak - budsjettavvik

For å besvare denne problemstillinga vil ein gjere ei vurdering av rekneskapen pr 31.12. og vedteke budsjett som skal vere styringsverktøyet.

**Avgrensing:**

Tidsmessig er prosjektet avgrensa til å gjelde rapportering for 2014. Det ligg ikkje til prosjektet å vurdere årsaka til evt avvik.

**Metode:**

I vår revisjon vil vi basere oss på analyse ved samanlikning av økonomirapportar og årsrekneskapen, samt det vedtekne budsjett. Det vil ved behov bli føreteke intervju med aktuelle personar i administrasjonen.

**Revisjonskriterium:**

Dokumentanalysen vil bli vurdert opp mot lover, forskrifter og kommunen sine reglement/rutinar m.m. Sentrale retningslinjer/lovverk i samband med økonomistyring og budsjettoppfølging vil vere:

**- Kommunelova:**

§ 23. Administrasjonssjefens oppgaver og myndighet.

Kapittel 8. Økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og rapportering.

- § 46. Årsbudsjettets innhold.
- § 47. Årsbudsjettets bindende virkning.

**- Forskrift om årsbudsjett:**

§ 10. Budsjettstyring

§ 6. Årsbudsjettets innhold og inndeling

§ 11. Endringer i årsbudsjettet

§ 12. Økonomiske oversikter

**- Forskrift om årsregnskap og**

**Årsberetning**

- *Herøy kommune sitt årsrekneskap*
- *Økonomireglement i Herøy kommune*
- *GKRS (god kommunal rekneskapskikk)*

**Resursbehov:**

Prosjektet vil i hovudsak bli utført av Alf Marius Grønnevik som prosjektansvarleg, med innspel frå kollegaer i Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS. Det er føreteke vurderingar av uavhengigheit og objektivitet vedkomande dette prosjektet.

Prosjektet er forventa å ha ei tidsramme på ca 150-200 timar. Dette inkluderer førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data i høve til revisjonskriterium, utarbeiding og kvalitetssikring av rapport og presentasjon i kontrollutvalet.

**Framdrift:**

Prosjektet vert gjennomført hausten 2015 med planlagt ferdigstilling nov/des 2015

**Endringar:**

Revisjonsplanen kan bli endra dersom arbeidet med prosjektet skulle nødvendigjere dette

Ulsteinvik 08.06 2015

Alf Marius Grønnevik  
-Forvaltningsrevisor-